

Jos M. Milner, Karoline T. Schmidt,  
Ryan K. Brook, Floris M. van Beest  
og Torstein Storaas

Å fôra eller ikkje?  
Ei litteraturoversikt om fôring av storvilt

Høgskolen i Hedmark  
Oppdragsrapport nr. 1 – 2014



Høgskolen i **Hedmark**

Fulltekstutgave

Utgivelsessted: Elverum

Det må ikke kopieres fra rapporten i strid med åndsverkloven  
og fotografiloven eller i strid med avtaler om kopiering inngått  
med KOPINOR, interesseorgan for rettighetshavere til åndsverk.

Forfatteren er selv ansvarlig for sine konklusjoner. Innholdet gir  
derfor ikke nødvendigvis uttrykk for Høgskolens syn.

I oppdragsserien fra Høgskolen i Hedmark publiseres FoU-arbeid  
og utredninger som er eksternt finansiert.

Rapporten kan bestilles ved henvendelse til Høgskolen i Hedmark.  
(<http://www.hihm.no/>)



<b>Tittel:</b> Å fôra eller ikkje? Ei litteraturoversikt om fôring av storvilt			
<b>Forfattere:</b> Jos M. Milner, Floris M. van Beest, Karoline T. Schmidt, Ryan K. Brook og Torstein Storaas			
<b>Nummer:</b> 1	<b>År:</b> 2014	<b>Sider:</b> 33	<b>ISBN:</b> 978-82-7671-912-3 <b>ISSN:</b> 1501-8571
<b>Oppdragsgivere:</b> Oslo kommune og fylkesmennene i Hedmark, Telemark og Akershus			
<b>Emneord:</b> Hjortevilt, fôring, viltkollisjonar, viltforvaltning, økonomi			
<b>Sammendrag:</b>			
1. Ettersom storviltbestandane i Europa og Nord-Amerika har auka, ser folk ogso ulemper med tette bestadar. For å minska ulempene utan å redusera viltbestandane, har mange byrja å fôra.			
2. Me har gått gjennom all tilgjengeleg litteratur for å sjå om forvaltarane nådde måla med fôringa og om fôringa hadde andre, ikkje planlagde fylgjer.			
3. Me fann klare bevis for at fôring i periodar med lite anna før førde til større bestandar der kvart individ reproduksjonsrate betre. Haustvektene vart ikkje høgare ved fôring, haustvektene vart bestemt av sumarfôret. Me fann ikkje bevis for at forvaltarane klarte ved hjelp av fôring å trekka beitinga bort frå innmark, ung furuskog eller andre attraktive matkjelder, truleg fordi det tilførde føret ikkje tilfredsstilte nærings- og oppførselsbehova til viltet og fordi fôringa førde til tettare bestandar. Undersøkjingar viser at fôring har minska talet på påkøyrslar, men fleire undersøkjingar trengst for å få full visse.			
4. Samling av mykje storvilt rundt fôringsplassar påverkar omgjevnadene. Effektane kan vera komplekse endringar i vegetasjonssamsetning og struktur. Dette kan påverka andre arter i systemet. Nokre sjukdomar vert lettare overførte når dyr samlar seg som rundt fôringsplassar. Ikkje planlagde fylgjer av fôring er lite studert, noko som gjer det vanskeleg å føreseia fylgjene.			
5. Det er vanskeleg å rekna på økonomien for den einskilde jaktrettshavar då storviltbestandar gjerne kryssar eigedomsgrenser frå jakttid til fôringstid og ein ofte ikkje kjenner alle fylgjene. Fôringa fører gjerne til høgare og meir reproduktive bestandar og det kan vera vanskeleg å skilja negative verknader av det å fôra og det å ha tette bestandar. Tette bestandar kan ha langtidsverknader som folk kan oppfatta som bra eller dårlige. Før nokon set i gang større program med fôring av storvilt, bør dei grundig vurdera alle sider ved fôring og ha solid stønad frå grunn-eigarane i viltbestanden sitt heiltårsleveområde. Dersom dei vil slutta fôringa, må dei først redusera viltbestanden.			
6. Me har laga ei liste (kapittel 4.3) med punkt som forvaltarar bør gå gjennom og drøfta om dei vurderer å byrja fôra vilt.			





**Title:** Feeding wildlife – evidence of intended and unintended effects

**Authors:** Jos M. Milner, Floris M. van Beest, Karoline T. Schmidt, Ryan K. Brook og Torstein Storaas

<b>Number:</b> 1	<b>Year:</b> 2014	<b>Pages:</b> 33	<b>ISBN:</b> 978-82-7671-912-3 <b>ISSN:</b> 1501-8571
------------------	-------------------	------------------	--

**Financed by:** Oslo municipality and The County councils of Hedmark, Telemark and Akershus

**Keywords:** Deer, ungulate, supplemental feed, vehicle collision, wildlife management

**Summary:**

1. There are costs and benefits associated with large herbivore populations. As populations have grown, conflicts have arisen between stakeholders who benefit from high numbers and those faced with the costs. Feeding may potentially mitigate conflicts while maintaining harvest yields.
2. We created a series of hypotheses associated with the intended management goals of large herbivore feeding programmes and the commonly perceived unintended consequences. We quantified the empirical evidence in support of each hypothesis and established which factors determined the effectiveness of feeding and under what conditions unintended effects may occur.
3. We found clear and consistent evidence of demographic consequences of supplementary feeding. Reproduction and population size were enhanced in food-limited populations, where a high proportion of females had access to feed throughout the limiting season. By contrast, we found limited evidence of the effectiveness of diversionary feeding to protect crops, forestry and natural habitats, largely because any positive effects were undermined by high herbivore densities. The use of diversionary feeding to reduce traffic collisions requires further investigation.
4. Evidence indicates that unintended effects of feeding are likely when feeding causes aggregation and high densities, and when feed type does not match the foraging strategy of the target species. Unintended effects can be complex, involving habitat impacts, such as changes to vegetation composition and structure, with consequent cascading effects through the trophic levels. Disease transmission risks are also often increased. Unintended effects are generally less well studied, making clear predictions difficult.
5. The economic costs and benefits of feeding are typically borne by different stakeholder groups and may occur over different time-frames. Ethical views of feeding also vary between groups, ranging from obligation to undesirable step towards domestication. The risks of unintended consequences are likely to increase with longevity of feeding and should be considered at the outset.
6. We have written a list (chapter 4.3) with points that managers should discuss if they consider feeding wildlife.



## FØREORD

Etter at me hadde gjennomført *Elgföringsprosjektet* (Noregs forskingsråd) søkte me Viltfondet om me kunne få stønad til å gå gjennom all internasjonal litteratur for å få ei breiare oversikt over korleis føring av storvilt verkar der det er undersøkt. Me fekk økonomisk stønad frå Oslo kommune og fylkeskommunane Hedmark, Telemark og Akershus. Spesielt takkar me Hedmark fylkeskommune, utan deira generøse bidrag hadde det ikkje vorte skriven nokon rapport. Takk! Ogso takk til institusjonane Høgskolen i Hedmark, University of Aberdeen, Aarhus universitet og University of Saskatchewan som let oss arbeida med rapporten som ein del av arbeidet vårt. Rapporten er skriven på engelsk og er innsendt for vonleg å verta publisert i internasjonalt vitskapleg tidsskrift. Torstein Storaas har hatt ei stor glede av å setja rapporten om til nynorsk, det vert so mykje bokmål og lite nynorsk her på Austlandet. Stor takk til Kjersti Øian Rødsalen for tolmodsam og hyggeleg oppsett og utforming av rapporten!

Rapporten gjev ikkje svar på om ein skal føra storvilt eller ikkje, men gjev vonleg forvaltarar eit godt grunnlag for å ta avgjersler når dei skal velja kva dei vil gjera.



Kvithalehjort et på utlagt kveite i Saskatchewan i Canada. Foto: Ryan K. Brook.



Begge biletene: I Austrike vert mesteparten av hjortane om hausten slusa gjennom gjerde til eigne vinterområde med omfattande føring. Ved å gjerda hjortane inne om vinteren, hindrar ein skade på skog og eigedom, men må samstundes ta ansvaret med å skaffa alt føret. På denne måten kan dei ha mykje meir hjort enn utan føring. Mange austrikarar meiner at dette er bra, andre meiner det tek det ville bort frå viltet.

Foto: Karoline Schmidt.

# INNHALDSLISTER

<b>Føreord</b>	<b>7</b>
<b>1. Innleiing</b>	<b>10</b>
<b>2. Metodar</b>	<b>11</b>
<b>3. Resultat</b>	<b>12</b>
3.1 Effektar på bestanden (demografiske verknader)	12
3.2 Verknader på oppfôrselen	13
3.3 Verknaden på vegetasjon	14
3.4 Økosystemverknader	15
3.5 Verknaden på sjukdoms- og parasittsprieing	16
<b>4. Diskusjon</b>	<b>18</b>
4.1 Økonomiske betraktnigar	18
4.2 Etiske betraktnigar	18
4.3 Å fôra eller ikkje?	19
<b>5. Referansar</b>	<b>21</b>
<b>Vedlegg</b>	<b>28</b>

# 1. INNLEIING

Storvilt er i denne rapporten store planteetarar. Tette storviltbestandar gjev naturopplevingar, jakt, mat og god økonomi for jakttrettshavar og andre tenesteytarar, men kan også ha negative samfunnsmessige verknader (Gordon et al. 2004, Putman et al. 2011). Storviltbestandane på den nordlege halvkula har vakse siste tiåra (Côté et al. 2004). Dette har ført til auka konfliktar mellom grunneigarar, jegerar, sportshandlarar og turistbedrifter som alle har føremoner med tette bestandar og skogbrukarar, og transportnæring som har ulemper med tette bestandar samt med naturvernalarar som ottast overbeite (Austin et al. 2010).

Mange har byrja å gje storviltet tilleggsfør som eitt svar for å dempa konflikten utan å minska jaktutbytte og lokale inntekter (Smith 2001). Menneskeleg aktivitet kan skaffa ulike viltarter før på fleire vis, med vilje som på fôringssplassar, men også som ein konsekvens av andre aktivitar som ved å kasta mat på søppelplassar (Oro et al. 2013, Sorensen et al. 2013).

Me ser på vilja fôring av storvilt, som me kan dela i tilleggsfôring (gjerne kalla vinterfôring) og avleiingsfôring (fôring for å leia vilt bort frå stader me ikkje vil ha det). Likevel gjeld mykje av effektane me har funne, også for vilt som utnytta anna føde som mennesket produserer (Oro et al. 2013). To om lag 10 års gamle oversiktar viser motstridande informasjon om kor effektivt det er å fôra storvilt (Peek et al. 2002, Putman & Staines 2004). Sidan den gong har fôringa auka i mengd og utbreiing (Tarr & Pekins 2002, Bartoszewitz et al. 2003, Mysterud 2010), samstundes som at det har vorte større merksemål på mogelege uynskete sideverknader av fôringa. Me har difor gått gjennom den nye litteraturen om fôring med måla å finna: 1) kva faktorar bestemmer kor effektivt eit fôringssopplegg fører til målet og 2) under kva tilhøve kan ein rekna med å få uventa sideeffektar.



To skotske hjortar kranglar litt ved å gå opp på bakbeina og slå med frambeina nær fôringssplass.  
Foto: Jos Milner.

## 2. METODAR

Me gjekk gjennom alle nye fagfellevurderte artiklar, men også rapportar og anna som gir informasjon om effektane av å føra storvilt. Me brukte ISI Web of Knowledge og Google Scholar for å finna nøkkelartiklar og relevante artiklar og rapportar som er siterte der. Me sette opp ei oversikt over føremåla med og hypotesar om ynskte fylgjer av føringa (Tabell 1) og ei om moglege ikkje påtenkte fylgjer av føringa (Tabell 2) for å sjå kor mange artiklar sidan 2000 som støtta eller motsa dei ulike forventingane. Me tok her med berre studium som nytta seg av kontrollgrupper, slik at ein kunne samanlikna mellom grupper som hadde fått ulike mengder før eller ein kunne samanlikna med før og etter påbyrja føring (i alt 72 studium). Me såg på studium av frittlevande storvilt og utelukka data frå inngjerda dyr. Sjølv om me refererer til ei rekke studium frå før 2000, har me ikkje teke dei med i tabellane.



*Elgar beitar rundballar på føringssplass på Kneppåsen, Østerdalen.  
Foto: Kjell-Erik Moseid.*

## 3. RESULTAT

### 3.1 Effektar på bestanden (demografiske verknader)

Økologisk teori føreslår at ein auke i tilgjengelege fôrressursar skal føra til betra kroppskondisjon og fylgjeleg auka overleving og større reproduksjon (Bayliss & Choquenot 2002). Dette er også føremålet med mange av fôringsprogramma (Tabell 1). Trass i dette, rapporterte Putman og Staines (2004) om relativt liten verknad av fôring på fødsel, død og bestandsmål hjå hjort. Ein grunn til dette kan vera at forskarane ofte ikkje målar om viltet verkeleg har fôrmangel. Til dømes er det meir sannsynleg at fôring har ein verkand i ein tett, forbegrensa bestand over bereevne enn i ein velfødd bestand med rikeleg med fôr langt under bereevne (Tarr & Pekins 2002, Bartoszewitz et al. 2003). Vidare kan det vera vanskeleg å oppdaga verknader dersom fôringa skjer på ei årstid og ein freistar finna verknader i populasjonen på ei anna tid. Hendingar i mellomtida kan kamuflera heile effekten.

Me fann bevis nok til å slå fast at vinterfôring reduserer vekt- og kondisjonstapet gjennom vinteren (5/6 studium; Tabell 1), og let dyra oppretthalda meir kroppsreservar som er ei forsikring mot uventa harde vintertilhøve (Fauchald et al. 2004, Bårdesen et al. 2008). Derimot viste 5/5 studium ingen verknad av vinterfôringa på slaktevekta til vaksne individ fylgjande haust. Haustvekta er generelt sett meir avhengig av kvaliteten på sumarfôret enn av kor mykje vekt dyra miste føregåande vinter (Parker et al. 2009). Der dyra fekk fôr heile året (e.g. Oguin et al. 2013) og der fôringa alt hadde starta i jakttida (Bartoszewitz et al. 2003) hadde haustvekta auka i nokre alders og kjønnklassar (3/4 studium; Tabell 1). Reproduktiv status hjå vaksne hodyr hadde stor verknad på haustvekta. I røynda kan det vera slik at dersom ekstra næringsressursar gjevne om vinteren i hovudsak går til reproduksjon, (e.g. Bårdesen et al. 2008, Milner et al. 2013), kan større mjølkeproduksjon om sumaren føra til lågare vekter hjå føra enn hjå ufôra individ med færre eller ingen avkom (Bårdesen et al. 2009, van Beest & Milner 2013).

I 4 av 6 studium auka kalveproduksjonen til føra hodyr (Tabell 1). I dei tilfella hadde bestandane i utgangspunktet liten tilgang på fôr (e.g. Milner et al. 2013). Under slike tilhøve hindra fôringa svolt, særleg om vêrtihøva skulle verta vanskeleg (Rodriguez-Hidalgo et al. 2010, Ballesteros et al. 2013). Der hodyra alt får nok fôr, hjelper tilleggsfôring lite (Tabell 3). Vinterfôring har fylgjeleg større målbar verknad på kalveproduksjonen etter harde enn etter milde vintrar (Lewis & Rongstad 1998, Tarr & Pekins 2002, Fauchald et al. 2004), effekten vart særleg registrert i område der individ i dårleg kondisjon samlar seg (Peterson & Messmer 2007). Sidan storvilt ved jakt vert halde på eit nivå der dei vanlegvis overlever vinteren, viser berre 1/3 av studia sidan 2000 auka overleving og auken tykkjест vera liten og kan registrerast særleg i harde vintrar (Lewis & Rongstad 1998, Peterson & Messmer 2007) og for ungdyr (Ozoga & Verme 1982, Smith & Anderson 1998). I hardt jakta bestandar er vanlegvis vinteroverlevinga so høg at ein ikkje kan registrera høgare overleving ved fôring. Det kan verka som om at når det vert tilført fôr kan forvaltarane akseptera høgare tettleikar av viltet. Dermed viser det seg generelt sett at tilført fôr i vinterforbegrensa bestandar fører til auka bestand, men at ofte kan mange individ framleis vera svoltne eller undrarørnerte sidan det vert fleire å dela på (Brown & Cooper 2006).

På bestandsnivå aukar fôring den næringsmessig bereeva og dermed bestandstettleiken, der som bestanden ikkje er begrensa av noko anna (Brown & Cooper 2006, Oro et al. 2013; Tabell 1). Fyrst reduserer fôringa næringskonkurransen (Lubow & Smith 2004), det fører ofte til vokster i bestanden (Ballesteros et al. 2013) til ein får ei ny bereevne på eit høgare nivå. Då me ikkje fann robuste bevis for at tilleggsfôring reduserte år-til-år-variasjonen i bestanden (Tabell 2) kan det koma av at me får ny variasjon rundt ei høgare bereevne. Vidare er sjølvsagt verknaden

av fôring på bestanden heilt avhengig av kor stor del av individa i bestanden som brukar fôringa (Bartoskewitz et al. 2003).

Det har vorte hevdat fôring minskar seleksjonspresset på naturlege bestandar ved at ogso dei svake individa overlever (Schmidt & Hoi 2002) og får forplanta seg (Rodriguez-Hidalgo et al. 2010). Det er sagt at noko vinterdødleheit er bra ved at dei svakaste dyra dør ut or bestanden (Boyce 1989). Men det er ikkje eintydige bevis for at vinterdød påverkar genetikken i noko særleg grad (Schmidt & Hoi 2002); Tabell 2) og denne eventuelle påverknaden er uansett forstyrra av selektiv jakt (Mysterud 2011).

## 3.2 Verknader på oppfôrselen

Tilfôrsl av ekstra fôr på punkt i terrenget påverkar oppfôrselen til dyra. Når dyr samlar seg ved fôringssplassar kan dei verta aggressive (Donohue et al. 2013) mot artsfrendar og andre arter. Vidare aukar stress ved høge storvilttettleikar (Forristal et al. 2012). Aggresjonen varierer med fôrtypen og fôringsteknikk (Schmidt et al. 1998, Schmidt & Hoi 1999) og treng ikkje føra til konkurransen og matmangel for svake individ (Veiberg et al. 2004). Elg (*Alces alces*) og hjort (*Cervus elaphus*) vel gjerne å brukar ulike fôringssplassar i same generelle området (Johnsen 2012).

Forflytningsmønster og opphaldsstader til frittlevande storvilt vert i stor grad påverka av kvar dei til ei kvar tid finn best mogeleg næring (e.g. Focardi et al. 1996, van Beest et al. 2010c, Avgar et al. 2013). Ein kan difor venta at storvilt som brukar fôringssplassar vil konsentrera aktiviteten der og gå mindre rundt i terrenget (Tabell 1). Dette burde føra til endringar som bruk av annleis og mindre leveområde. Og rett nok, 6 av 6 studium observerte flyttingar av aktivitetssenter eller kjerneområde i leveområdet mot fôringssplassane (til dømes Cooper et al. 2006). Slik flytting av konsentrert aktivitet høver godt med utleiningar frå økologisk teori og forklarar observerte ulikskapar i habitatseleksjon mellom individ som brukar og ikkje brukar fôringssplassar (van Beest et al. 2010b). Verknaden på storleiken av leveområda har likevel vore variabel. Nokre arter min-

ska leveområda, andre auka, medan leveområda til andre arter i det heile ikkje vart påverka av fôring (Tabell 1). Berre i 1 av 5 undersøkjingar vart leveområda reduserte, truleg fordi dyra har trong for meir enn det tilførde føret (Brown & Cooper 2006). Til dømes må dyra ogso finna ly for därleg vær og klara å unngå rovdyr (Merrill et al. 2010, van Beest & Milner 2013). Når storviltet har bruk for noko det er lite av nær fôringssplassane, kan leveområdet auka, av di dei lyt langt av lei for å finna det dei treng. Rett nok endra ikkje kvithalehjort (*Odocoileus virginianus*) eller angorageiter (*Capri hircus*) forflytningsavstandane ved fôring (Murden & Risenhoover 1993), men elg som brukte fôringssplassar gjekk lengre avstandar enn elg som ikkje gjorde det (Mathisen m.fl. 2014) og føra mulhjort (*Odocoileus hemionus*) gjekk lengre frå kvilestaden for å eta (Peterson & Messmer 2011). I Alpane trekker hjort frå milde enger høgt oppi dalsidene til fôringssplassar ned kalde dalbotn medan ufôra hjort held seg på engene i dalsidene heile vinteren (Schmidt 1993). Likevel ser det ut til at sjølv om fôring påverkar vala til individ, skjer dette stort sett på ein liten romleg skala og over kortare tidsrom (Perez-Gonzalez et al. 2010, van Beest et al. 2010b).

Me fann lite kunnskap om korleis fôring påverka trekket til storvilt (Tabell 1). Det er døme på at langtidsfôring kombinert med gjerde har klart å bryta tradisjonelle trekk (Peek et al. 2002). I Skandinavia har ein freista føra elgen i sumarområda for å hindra eller utsetja trekk utan å lukkast med det (Sahlsten et al. 2010). Derimot har ein til ei viss grad kunne styra elgen med fôring inne i vinterområda (Gundersen et al. 2004, Sahlsten et al. 2010). I berre i 1 av 7 tilfelle hadde fôring den forventa verknaden på trekket (Tabell 1). Snødjupna i sumarområda, variasjonar i predasjonsrisiko og fôrkvalitet og andre forskjellar mellom sumar- og vinterområda tyktest ha større betydning for trekkmønsteret (Mysterud 1999, White et al. 2010).

Sjølv om fôring for å halda vilt borte frå trafikken ofte er vurdert i litteraturen (e.g. Groot Bruinderink & Hazebroek 1996, Huijser et al. 2009, Langbein et al. 2011), har få direkte studert verknaden av fôring på påkøyrsler. I ein region med mange mulhjortpåkøyrslar overlevde bru-

karar og ikkje brukarar av fôringsplassar like godt, men det gjekk litt betre i dei fôra områda sidan hjortane der reproduksjone betre (Peterson & Messmer 2011). På ei anna side fann Wood and Wolfe (1988) at fôring reduserte påkøyrslane med rundt 50 % og Andreassen et al. (2005) fann at 3 kombinerte tiltak (skogrydding, fôring og luktmerking) reduserte elg-togkollisjonar med 46 %. Begge studia føreslår fleire undersøkjingar av verknaden av fôring på viltkollisjonar, men ingen har gjort det til no.

### 3.3 Verknaden på vegetasjon

Me veit vîl at frittlevande storvilt si eting av lauv, kvist, gras og røter påverkar vegetasjonssamansetning og -struktur, skogproduksjon og næringssykling og kan endra økosystemet og funksjonar i økosystemet (Hobbs 1996, Gordon et al. 2004). Endringane er mest sannsynlege når storviltbestandane er tette (Côte et al. 2004), og det verkar heilt opplagt at tilbod av tilleggsfôr skulle minska presset på vegetasjonen (Schmitz 1990, Kowalczyk et al. 2011). Likevel fann me ikkje bevis for at fôring førte til mindre beitepress (Tabell 2). Felldata viser at mange fôra populasjoner held fram med å beita på vegetasjonen, samstundes med at dei brukar fôringsplassane (e.g. Doenier et al. 1997, Cooper et al. 2006, van Beest et al. 2010a). Det er mogeleg at tilleggsfôret ikkje inneheld alt viltet treng, og at dei lyt finna dette som manglar i naturen (Schmitz 1990). Kanskje viltet treng nokre stoff frå naturen for at tarmsystemet skal virka bra med tilleggsfôret (Timmons et al. 2010). Korleis tarmsystemet verkar avheng av kvaliteten og typen tileggsfôr som vert tilbode relatert til kva viltet er tilpassa å eta. Til dømes kan hjort utnytta sine vinterbeite betre dersom dei får konsentrert fôr med lite fiber (Kozak et al. 1994) og kan dermed redusera barkgnaging (Rajský et al. 2008), medan tilleggsfôr med høgt fiberinhald kan redusera grasbeite (Kozak et al. 1994). Kvithalehjort som fekk kraftfôr auka delen av kvist i dietten vår og haust, men det gav ingen endringar sumar og vinter (Timmons et al. 2010).

Det er vanleg at områda ved fôringsplassar vert nedbeita og sundtrakka som ved vasshol i turre område (Andrew 1988). Plantesamansetninga og

diversiteten kan endrast på grunn av auka beiting av buskar (Mathisen et al. 2010) og tre (Smith et al. 2004), eit tap av undervegetasjon (Pedersen et al. submitted), og ein auke av lyskrevjande urter og gras (Mathisen et al. 2010). Slike endringar er dokumentert (Tabell 2), men dei er meir konsekvensar av auka lokale storvilttettleikar enn ei direkte fylgle av fôring. Få studium har skilt verknaden av fôring og av høg tettleik (men sjå også Mathisen & Skarpe 2011).

Når ein har sett på samanhengen mellom fôring og beitepress, har beitepresset vore hardast nær fôringsplassen og minska med aukande avstand (3/3 studium; Tabell 2, van Beest et al. 2010b). Doenier m. fl. (1997) fann at beiteverknaden var mindre nær fôringsplassane enn lengre borte, men at beitepresset var høgare enn i område utan fôringsplassar. Auka bruk (Peterson & Messmer 2011) eller nedbeiting (Schmitz 1990, Cooper et al. 2006, van Beest et al. 2010a) av føretrekte arter er vanleg i område med fôring. Dette har også samanheng med kor lenge det er fôra og kvaliteten på føret (Brown & Cooper 2006, Kowalczyk et al. 2011). Området der beitinga påverkar kan auka med tida og hard beiting kan halda fram etter at fôringa har slutta (van Beest et al. 2010a).

Tiltrekksfôring er brukt for å trekka beitet bort frå vegetasjon eller område med stor økonomisk eller verneverdi. Det verka som tenkt i 5 av 12 studium medan 3 studium viste meir uynskt beite ved fôring (Tabell 2). Kor godt tiltrekksfôringa verka ser ut til å ha samanheng med kvaliteten på føret (Tabell 4). Silofôr og høy reduserte skadane frå europeisk bison (*Bison bonasus*), som er ein grovfôretar (Kowalczyk et al. 2011). Derimot vart ikkje skogskadar redusert ved silofôring av elg som er ein veldig selektiv beitar (van Beest et al. 2010a, Mathisen m. fl. 2014). Hogstavfall kan potensielt vera meir effektivt til å trekka til seg elg for å redusera skogskadar, men er ikkje ordentleg utprøvt (Måansson et al. 2010). I ei undersøking vart merkeleg nok kompensasjonsbetalingar for skadar gjort av villsvin (*Sus scrofa*) redusert ved tiltrekksfôring sjølv om ein ikkje klarte å visa statistisk sikre reduksjonar i skadar (Calenge et al. 2004). Vidare

førte fôring av villsvin til at bestandane vaksenno meir (Bieber & Ruf 2005), noko som undergrov verknaden av tiltrekkingfôringa.

### 3.4 Økosystemverknader

Fôring har både direkte og indirekte verknader på økosystemet ved å endra fordeling av dyra i terrenget og ved tilførsle av næring (Mathisen & Skarpe 2011). Dette endrar konkurransetilhøva mellom mange arter på ulike nivå og dermed arts-samansettninga. Mykje forsking har fokusert på negative fylgjer for biologisk mangfald og artsrikdom ved langvarig hardt beite (Fuller & Gill 2001, Côté et al. 2004) utan å vurdera mogelege verknader av ekstra tilførsle av næring (Mathisen & Skarpe 2011). Medan fôring påverka samansettninga av smågnagar- (Pedersen et al. submitted) og sporvefugl- (Anderson 2007, Mathisen & Skarpe 2011) samfunn i 3 av 4 studium, rapporterte berre 1 av 3 studium ein nedgang i artsrikdom (Tabell 2), der busksteppearter auka på kostnad av skoglevande arter (Anderson 2007). Effekten av fôring verkar ulikt på arter med ulikt levevis (Mathisen & Skarpe 2011) og under ulike tilhøve (Moseley et al. 2011). Til dømes reagerer frøetande fuglar positivt på hardt beite, men negativt på fôringsstasjonar (Mathisen & Skarpe 2011) medan reaksjonen til insektetande fuglar avheng av kva slags artsgrupper dei et. Verknaden av fôring på smågnagarbestandane var liten i eit område med sterke og uregelmessige klimaendringar (Moseley et al. 2011) og mindre enn mellomårsvariasjonar i sykliske bestandar (Pedersen et al. submitted). Dette kan koma av at smågnagarane hadde nok mat, og at dei vart slått ut av klima. Der fôring aukar storvilt si vinteroverleving, kan det verta vanskelegare for åtseletalar (sensu Oro et al. 2013).

Fôringsplassar kan trekka til seg andre arter som vaskebjørn (*Procyon lotor*), navlesvinet halsbandpekari (*Pecari tajacu*), stinkdyr og gnagarar (Cooper & Ginnett 2000, Moseley et al. 2011, Campbell et al. 2013). Som ei fylgje av dette kan det verta uvanlege mykje kontakt mellom individ av same og ulike arter nær fôringsplassar (Campbell et al. 2013). I særskilde tilfelle kan predasjonen på kalkunreir (*Meleagris gallopavo*)

auka nær fôringsplassen fordi potensielle reirrøvarar vert trekte til fôringsplassen (Cooper & Ginnett 2000). Til dømes inneheoldt 20 % av mai-sen selt som hjorteviltfôr i Texas so mykje aflatoxin at det ville vera skadeleg for fuglar og andre arter som fôringa ikkje var retta mot (Brown & Cooper 2006). Av 5 gode studium viste 4 verknad på andre arter enn dei fôringa var retta mot (Tabell 2).

Frittlevande vilt vert ofte tilleggsfôra i utmark og det er ein fare for å innføra frø av uynskte ugrasarter (Rinella et al. 2012), og frøa kan spreia seg vidare med vind, fuglar og pattedyr. Til og med behandler som pellets av høy og urensa kornslag kan innehalda levande ugrasfrø (Cash et al. 1998). Desse kan overleva i årevis før dei spirar (Lewis 1973). Storvilt kan spreia frø over lange avstandar (Bartuszevige & Endress 2008), det er funne levande frø som har gått gjennom tarmsystemet til drøvtyggjarar (Thill et al. 1986, Wallander et al. 1995). Vidare kan vanlege planter verta hemma av beite slik at framande planter kunne klara å etablera seg (Rinella et al. 2012). Ofte kan storvilt trakka sund og øydeleggja vegetasjonen slik at det vert bar jord og såle rundt fôringsplassane (MacDougall & Turkington 2005). Trass i at folk har vorte meir klar over rollen storvilt har ved spreiling av frø (Bartuszevige & Endress 2008, Picard & Baltzinger 2012), fann me berre 2 dokumenterte tilfelle, begge frå økosystemet rundt Yellowstone nasjonalpark i USA, der fôring vart skulda for spreilinga av framande plantearter (Tabell 2). Uansett, sidan det er svært vanskeleg og dyrt å fjerna inntrengjande arter (Pimentel et al. 2005), er det anbefalt å bruka sertifisert ugrasfritt fôr (NAISMA 2013) særleg i verneområde.

### 3.5 Verknaden på sjukdoms- og parasittsprieing

Sjukdomar i viltbestandar er over heile verda allment akseptert som ein trussel mot naturvern, jordbruk og folkehelse (Gortázar et al. 2006, Jones et al. 2008). Ti av 14 artiklar viste at føring av vilt førde til meir overføring av parasittar og sjukdomar (Tabell 2). Sjukdomane vart spreidde på to hovudmåtar; direkte overføring mellom dyr ved hosting, nasekontakt eller småslåsting (Garner 2001, Miller et al. 2006); og indirekte overføring gjennom smittestoff i omgjevnadene (Creech et al. 2012) slikt som før forureina av kroppsvesker frå infiserte dyr (Palmer et al. 2004). Likevel er smitteoverføringa avhengig av livshistoria til sjukdomsframbringaren (Vicente et al. 2007; Tabell 4) og korleis dei kan overleva i omgjevnadene. Til dømes er spreieingsfaren større for makroparasittar med direkte enn med indirekte livssyklusar (Navarro-Gonzalez et al. 2013) og større i sjukdomar som vert spreidde i den perioden som føringa går føre seg (Cross et al. 2007).

Prosessar som aukar kontakten mellom vertsdyr, til dømes ved å auka tettleiken eller samla dyra, kan fremja sjukdomsoverførsle (Gortázar et al. 2006). Konsentrasjon av vilt ved følingsplassar kan dermed auka sjansen både for direkte og indirekte sjukdomsoverføring (e.g. Creech et al. 2012, Campbell et al. 2013). Vaksne wapitihjort-hindindivid hadde dobbelt so mange kontaktar med andre hjortar ved følingsplassar enn andre stader (Cross et al. 2013) P.C. Og førekomsten av kvegtuberkulose (*Mycobacterium bovis*) hjå kvilthalehjort hadde samanheng med både mengde tilført før og talet på føra hjortar (Miller et al. 2003). Samleis viste følingsplassar seg å vera spreieingspunkt for mage-tarmparasittar hjå villsvin, uavhengig av kor mange dyr det var på følingsplassen. (Navarro-Gonzalez et al. 2013). Føring fører også til auka sjanse for kontakt med infiserte smittekjelder som aborterte foster i område der brucellose (*Brucella abortus*) er vanleg (Creech et al. 2012). Det er også større fare for overføring av prionar som fører til kugalskap for hjort (chronic wasting disease, CWD) i Nord-Amerika (Miller et al. 2006). Men ein kan også sjå ein auka andel med antistoff til sjukdomen

brucellose i blodserumet til Wapitihjort i nyare tid med auka bestandar, uavhengig av om dei er føra eller ikkje (Cross et al. 2010). Kontaktsumitte er også viktig ved overføring av CWD (Salman 2003) med smittande prionar som spreier seg gjennom spytt (Mathiason et al. 2006).

Føringsplassar er utpeika av fleire forfattarar som ein stad der sjukdomar kan overførast til nye vantar (Palmer et al. 2004, Palmer & Whipple 2006). Men kor stor risikoen er for sjukdomsoverføring er avhengig av korleis den einskilde sjukdomen vert overført, kva før som er brukt og når føringa føregår og tilhøva medan det vert føra. Nokre sjukdomar som kvegtuberkulose og anthrax (*Bacillus anthracis*) kan overleva i månader, år og enno lenger på bakken (Soparker 1917, Palmer & Whipple 2006).

Medan føring aukar kontakten mellom individ, betrar føringa samstundes den generelle helsesituasjonen til dyra som dermed kan klara seg betre mot infeksjonar (Gortázar et al. 2006). Ganske få studium har drøfta dette, men me fann stønad for dette i 2 av 4 undersøkjingar (Tabell 2). Føring tykkjест å redusera infeksjonar frå parasittar som vert motarbeida av kraftige og krevjande immunresponsar. Til dømes kan føring føra til sterkare motstandskraft mot rundormar i fordøyningssystemet (Hines et al. 2007) og luftvegane (Vicente et al. 2007). I motsetnad til dette, tykkjест overføringa av epedemiar som kvegtuberkulose, som fører til lite immunitet, vera uavhengig av kroppstilstanden (Vicente et al. 2007).

Den økologiske risikoen og mogelege kostnader ved føring tykkjест vera spesielt stor når sjukdomar kan utvekslast mellom husdyr og vilt (Cross et al. 2007, Brook & McLachlan 2009, Brook et al. 2013). Viktige sjukdomar som kvegtuberkulose, brucellose og Johnes sjukdom (*Mycobacterium avium*) kan smitta direkte frå vilt til husdyr og kan forårsaka tap for millionar av kroner årleg (Daszak et al. 2000). Desse mogelege kostnadene skapar eit stort press for å redusera eller utrydda lokale viltbestandar og reiser spørsmål om det er lønsamt å føra vilt i slike område.



Her har ein wapithjort gått inn til kalvar for å eta av maten deira. Ofte ottast både viltforvaltarar og bønder sjukdomsoverføring mellom vilt og husdyr.

Foto: Ryan K. Brook.



Hjort på fôringsplass i Skottland. Bakken vert mykje meir øydelagd av trakk der det ikkje er frost og snø.  
Foto: Torstein Storaas.

## 4. DISKUSJON

Det er heilt sikkert at fôring kan auka både bestandar og individuell reproduksjon (Tabell 1). Det er ganske enkelt å sjå under kva vilkår fôring kan brukast for å nå dei to nemnde forvaltningsmåla (Tabell 3). Det er vanskelegare å føresei kva andre økologiske konsekvensar fôringa kan ha. Fylgjene kan vera komplekse (Timmons et al. 2010, Mathisen et al. 2012) og er jamt over lite studerte (Tabell 2). Der endringar i artssamansettninga skjer, vil ulike personar vurdera dette ut frå sine verdisett, kva dei finn verdfullt og mindre verdfullt (Minter & Collins 2005). Medan auke i eller konsentrasjon av storviltbestandane kan vera målet med fôringa, er dei fleste ulempene ikkje direkte knytt til fôringa, men til veldig høge tettheiter konsentrert i områda rundt fôringsplassane (Tabell 4). Når ein ikkje klarar trekka viltet bort frå stader der ein ikkje ynskjer ha vilt, kan grunnen vera at verknaden av fôring vert motverka av høg tettleik.

### 4.1 Økonomiske betraktnigar

Tradisjonelt er det få utgifter med storviltforvalting og likevel kan inntektene vera omfattande gjennom sal av jaktløyve, trofear og kjøt (Gordon et al. 2004, Olaussen & Skonhoft 2011). Indirekte inntekter frå storviltjakt kan også koma til andre som sel jaktutstyr, mat og overnatting (Smith 2001). Som ei fylgje av dette kan tilleggsfôring som gjev større trofe eller fleire dyr vera lønsamt, sjølv fråtrekt dei direkte kostnadene ved fôring (Smith 2001, Peek et al. 2002). Store samordna fôringsprogram har vist seg å vera mest kostnads-effektive. Større investeringar på einskildeigedomar har gitt mindre att (Putman & Staines 2004, Page & Underwood 2006), truleg fordi kostnaden er på ein eide dom medan fortanesta kan delast av mange.

På ei anna side kan dette bestandar med store fôringsprogram føra til tydelege risikoar og indirekte kostnader (Smith 2001), som vert delt av heile samfunnet. Døme på dette kan vera sjukdomar

(Daszak et al. 2000), innvandrande ugras (Pimentel et al. 2005) samt skade på skog og avling (Reimoser & Putman 2011). Andre økologiske kostnader som tap av trekkruter eller biologisk mangfald kan vera både vanskelege å visa og å setja ein økonomisk verdi på (Wallace 2007). Både kostnader og risiko vil truleg auka med både storleiken på arealet det vert føra på og tida ein førar. Det kan også vera tidsforskyvingar slik at inntektene kjem straks medan kostnader kan koma seinare. Det er likevel interessant å sitera Boyce (1989) som minner oss på at wapiti-hjort er føra i Jackson Hole, Wyoming sidan 1912 og at alle økologar heile tida har sagt at dette vil enda i katastrofe. Katastrofen var der ikkje i 1989 og etter hundre år, i 2012, kunne forfattarane av denne rapporten ved sjølvsyn sjå at katastrofen enno ikkje hadde kome. Men forfattarane meinte som alltid tidlegare at snart ville det gå gale.

Dersom viltpåkøyrslar vert redusert, vil fôringa vera samfunnsmessig lønsam (Wood & Wolfe 1988, Andreassen et al. 2005) og ho vil betra dyrevelferda (Olaussen & Skonhoft 2011). Medan effektiviteten enno ikkje er godt nok studert, vil berre delvis effekt vera økonomisk og moralsk høgverdig om både helsekadar og høge materielle kostnader kan unngåast. To studium føreslår at fôring kan redusera påkøyrslar med 40–50 %, (Wood & Wolfe 1988, Andreassen et al. 2005). Begge studia føreslår vidare forsking, noko også me ser trong for.

### 4.2 Etiske betraktnigar

Vilt er tungt påverka av menneskelege aktivitar som global oppvarming og habitatøydeleggingar. Ei fylgje av dette kan vera å stilla etiske krav til viltforvaltarar og naturvernalar (Minter & Collins 2005). Haldningar til kva krav dette burde vera varier over tid, regionar og mellom interessegrupper, og er reflekterte i nasjonalt og internasjonalt lovverk. Resultatet er at viltet vert handsama og forvalta ulikt i ulik land til ulike

tider. Me kan sjå forvaltninga som ein gradient frå at viltet skal vera i fred og freda frå menneskelege inngrep via forvalta, viltlevande vilt, viltfarmer og til at viltet skal vera i dyreparkar (Orams 2002, Brown & Cooper 2006). Nokre ser på fôring saman med selektiv hausting, gjerding og predatorkontroll som ei plikt mennesket har mot viltet, andre kan sjå på det som eit steg mot temjing av viltet (Brown & Cooper 2006, Mysterud 2010, Schmidt in press). Fôring kan oppfattast som noko som vil fjerna det ville frå viltet (Butler et al. 2005). Når viltet ikkje lenger er vilt, kan viltet oppfattast som mindre verdfullt. Fylgjeleg kan fôring oppfattast som å senka verdien av vilt og vilthabitat (Smith 2001) og kan påverka korleis folk oppfattar både vilt og kor akseptert det kan vera at naturen får gå sin gang utan innblanding av folk om dyr svelt i hel om vinteren (Schmidt in press). Ein ekstrem situasjon der storvilt berre kan leva i fôra bestandar vil truleg dei fleste oppfatta som lite ynskjeleg, men det er eit politisk spørsmål kva som er rette og optimale tiltak.

### 4.3 Å fôra eller ikkje?

Ei rekke norske viltforvaltarar lurer på om dei skal fôra hjortevilt eller ikkje. I Noreg vert bestandstettleikane bestemt av forvaltarane gjennom jakt. Bestandane vert dermed vanlegvis haldne på nivå der vekter og reproduksjon er ganske bra. Basert på vår kunnskap om norsk hjortevilt og hjorteviltforvaltning samt litteraturgjennomgangen har me sett opp ei liste med punkt forvaltarane bør gå gjennom før dei bestemmer seg for om dei skal starta fôring.

1) Vinterfôring kan leggja grunnlag for tettare og meir reproduktive hjorteviltstammer om ikkje bestandane vert so tette at det vert konkurranse om sumarfôret.

2) Den direkte kostnaden ved fôring er jamt over langt lågare enn dei ekstra inntektene, difor er fôring vanleg mange stader. Fôring kan ha ulemper som det er vanskeleg å rekna kostnadene av.

3) Fôring i sumarområda eller trekkvegane før trekk om hausten vil truleg ikkje hindra at hjorteviltet trekker til vinterområda.

4) Innan eit tradisjonelt vinterområde kan ein ved fôring styra kvar hovuddelen av hjorteviltbestanden held seg mesteparten av tida, men ein kan vanskeleg styra viltet bort frå skadbeiting som på ung furuskog eller avlingar på innmark.

5) Fôring og trafikk. Når ein førar i eit vinterbeiteområde, trekker ein viltet mot fôringsplassane. To av tre undersøkjingar tyder på at dette fører til ei halvering av påkøyrslane. Samstundes fører auka bestandar generelt sett til fleire påkøyrlar. Fleire undersøkjingar trengs.

